



Sh Oppmåling AS  
Sandnesstykket 20  
5981 MASFJORDNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/6215 - 21/50715

Saksbehandlar:  
Einar Aase  
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:  
20.07.2021

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 434/28 Grindheim

Tiltak: Nytt tilbygg  
Byggjestad: Gbnr: 434/28  
Tiltakshavar: Daniel Brzostowicz  
Ansvarleg søkjar: Sh Oppmåling AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 08.07.2021.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad er handsama ut frå vedlagt informasjon. Det kan sjå ut som om at side 1 i søknadsskjema manglar i søknad. Ber om at søknad supplerast med denne sida dersom den skulle ha vore integrert i søknad.
2. Vedlagt dispensasjonssøknad er noko kortfatta. Sjå vedlagt skriv om dispensasjonssøknadar for vegleiing til formulering av denne søknaden.
3. Vedlagte teikningar syner korleis bustad vil sjå ut etter gjennomført tiltak. Fagmessige teikningar må utbetrast slik at dei òg syner skiljet mellom eksisterande situasjon, og ny situasjon etter tiltak.

Fagmessige teikningar kan med fordel syne mønehøgda på tiltak.

4. Søknad må supplerast med informasjon om BRA, BYA og utnyttingsgrad på tomt.
5. Det kan sjå ut til at tiltak er i strid med byggegrense mot nabo på gbnr. 434/9. Ber om at søknad supplerast med samtykke frå nabo, eller eventuelt søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova §29-4. Sjå vedlegg for samtykkeskjema.

6. Det går ikkje klart fram av skjemaet «opplysningar gjeve i nabovarsel» at aktuelle naboar er varsla om at det er søkt om dispensasjon. Dette må dokumenterast.
7. Basert på innlevert dokumentasjon kan det sjå ut som Vestland Fylkeskommune har gjeve dispensasjon frå byggegrense, men ikkje for avkøyring. Det er behov for dokumentasjon om avkøyringsløyve.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **17.09.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Einar Aase  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Daniel Brzostowicz  
Sh Oppmåling AS

Grindheimsvegen 125  
Sandnesstykket 20

5936 MANGER  
5981 MASFJORDNES